

KONJUNKSJONAR	2
Å binde saman ord.....	3
Å binde saman setningar	4

KONJUNKSJONAR

Konjunksjonar er bindeord. Vi har fem konjunksjonar: **og**, **eller**, **men**, **for** og **så**. Konjunksjonane kan binde saman **ord** eller **setningar**.

ord: Luisa **og** Leo er frå Cuba.

setningar: Luisa skriv, **og** Leo les.

Ved oppramsing bruker vi **og** berre til å binde saman dei to siste orda. Mellom dei andre orda må vi bruke komma:

Mohammed snakkar kurdisk, arabisk, persisk **og** litt engelsk.

1

Bind saman ord og setningar med *og*.

Han har ei hytte. Han har ein båt.

Ho har ein katt. Han har ein hund.

Han liker å vere ute. Han går ofte på tur.

Eg må kjøpe brød. Eg må kjøpe mjølk. Eg må kjøpe frukt.

Vi liker å gå på ski. Vi liker å gå på skøyter. Vi liker å ake.

Eg skal til Oslo på onsdag. Eg skal til Bergen på torsdag.

Å binde saman ord

Konjunksjonane **og**, **eller** og **men** bind saman like **ord**. Med like ord meiner vi ord frå same ordklasse og med same bøying.

og: Luisa **og** Leo snakkar godt norsk.

eller: Snakkar dei norsk **eller** spansk heime?

men: Luisa snakkar ikkje norsk, **men** spansk med Leo heime.

2

Set inn ein konjunksjon som passar.

Vil du ha kaffi _____ te?

Kva for ein genser vil du ha? Den grønne _____ den raude gensen?

Carmen liker ikkje vinteren i Noreg, _____ ho gler seg til våren.

Du _____ eg må gå på butikken. Vi manglar brød.

Eg er lærar i fransk, _____ ikkje i engelsk og spansk.

Konjunksjonane *eller* og *og* er ofte samansette.

både – og: Både Luisa og Leo snakkar godt norsk.

anten – eller: Dei snakkar anten norsk eller spansk.

verken – eller: Dei snakkar verken spansk eller engelsk i timane, berre norsk!

3

Bruk *både* – *og* eller *verken* – *eller* til å binde saman setningane.

Luisa er frå Cuba. Leo er frå Cuba.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker ikkje å fly.

Eg må kjøpe ei grammatikkbok. Eg må kjøpe ei nynorsk ordbok.

Leo vil ikkje ta tran. Leo vil ikkje ta vitamin.

Vi har ikkje katt. Vi har ikkje hund.

Han har hytte. Han har båt.

Ho liker ikkje regn. Ho liker ikkje snø.

Å binde saman setningar

Konjunksjonane **og**, **eller**, **men**, **for** og **så** bruker vi for å binde saman to setningar.

Og bruker vi når vi legg til meir informasjon:
Luisa er frå Cuba, **og** Mohammed er frå Irak.

Eller bruker vi når vi har eit val:
Snakkar Luisa spansk med Leo, **eller** snakkar dei norsk på fritida?

Men bruker vi når vi skal vise ei motsetning:
Leo og Luisa snakkar godt norsk no, **men** for nokre år sidan snakka dei berre spansk.

For bruker vi når vi skal fortelje årsaka til noko, f.eks. kvifor noko skjer:
No snakkar Leo norsk i butikken, **for** han kan mykje norsk.

Så viser konsekvensen av noko, kva noko fører til:
Carmen kan mykje norsk no, **så** no snakkar ho norsk i butikken.

4

Bind saman setningane. Vel mellom konjunksjonane *og* eller *men*.

Leo et gjerne ris og kjøt. Han et ikkje fisk.

Carmen liker å danse. Ho dansar ofte med Arne.

Arne liker å køyre bil. Han liker ikkje å fly.

Dei trivst godt i Noreg. Dei synest det er dyrt å bu her.

Ho liker sol og varme. Ho dreg ofte til Spania.

Carmen vil gjerne ha fisk til middag. Det vil ikkje Leo.

5

Knyt saman setningane med *for* eller *så*.

Ho kjøper ein kald brus. Ho er tørst.

Han er flink til å spele fotball. Han vart invitert til å vere med på laget.

Arne tek på seg regnkledde. Han vil ikkje bli våt.

Luisa vil ikkje bli våt. Ho tek på seg regnkledde.

Leo er ikkje redd for å bli våt. Han tek ikkje på seg regnkledde.
